

Referat styringsgruppemøte og arbeidsseminar 3.-4. februar 2015 i Kristiansand, for GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Ryfylkeiane.

Møtestad: Haven, Fylkeshuset i Kristiansand.

Desse møtte:

Tor Punsvik	FM Vest-Agder
Olav Strand	NINA
Jørn Thommassen	NINA
Lena Romtveit	Norsk Villreinsenter Sør (ref)
Kåre Paulsen	Statkraft
Per Øyvind Grimsby	Sira Kvina,
Tarjei Haugen	SVR
Guro Sjødergren	SVR
Inge Olav Fjalestad	Bygland kommune
Kjell Helle Olsen	Stavanger Turistforening
Torkel Myklebust	Suldal kommune
Sigrid Bjørgum	Bykle kommune
Svein Olav Stegarud	SVR Villreinlag -sekr.
Margit Smeland	Villreinnemnda for SVRSA
Bjorg Hellem	Vest-Agder FK
Arne Heggland	Statens Vegvesen
Lars Arne Bay	prosjektmedarbeidar
Sondov Bjåen	SVR Villreinlag
Arild Stene	Lyse Energi
Thorbjørn Fjermestad	Villreinnemnda for SVRSA
Per Ketil Omholt	FM Aust-Agder
Kristian Steine	SVR Villreinlag
Olav Vestersjø	SVR Villreinlag
Kristian Eiken Olsen	Statskog
Ørnulf Haraldstad	FMVA
Kurt Gjerstad	SVR Villreinlag



Miljøvernssjef hjå Fylkesmannen i Vest-Agder, Ørnulf Haraldstad ynskter velkomen og snakka om prosjektets mål og samanhengen med arealforvaltninga i heiane. Prosjektets hovudmål om å auke reinens bruk av randområda, er særleg interessant i perspektivet om at ein skal ivareta denne arealkrevjande arten, i fjellområde som stadig er under press frå mange ulike brukarinteresser.

Saker

1) Målsettingane for prosjektet ved leiar av styringsgruppa, Kåre Paulsen.

Leiaren frå styringsgruppa, Kåre Paulsen (Statkraft) gjorde greie for bakgrunnen for prosjektet, organisering og målsettingar. Prosjektets organisering med bruk av arbeidsgrupper, er sentralt for å nå måla i prosjektet. Kåre viste litt til dei tema og utfordringane som ligg i prosjektet og drøftingane som går, om kva som er mogleg å oppnå av delmåla, innom prosjektperioden.

2) Spørsmål og diskusjon rundt måla? Tor Punsvik

Det er semje i gruppa om at det er eit stort potensiale for gode tiltak og avgjerdsele i prosjektet, som fylgje av styringsgruppa's breie samansetting. Status på kva mål me har sjanse til å nå, og kva me ikkje vil ha anledning til å gjennomføre innom prosjektperioden, vil i stor grad vil kunne avklarast gjennom desse møtedaganes arbeid.

Det kom fleire tilbakemeldingar om at organiseringa og arbeidet i arbeidsgruppene har vore meningsfylt, konkret og fått fram mykje ny og relevant kunnskap. Kom også inn synspunkt på at eigarskapet i prosjekta er viktig å ta vare på, for å vera i tråd med dei forventningane og målsetningane ein hadde når ein gjekk inn i prosjektet. Til dette blei det vist til at det var semje i fyrste styringsgruppemøte om å ha styringsgruppemøte ei gong i året, og at det er i arbeidsgruppene det kontinuerlege arbeidet skal skje.

For bidragsytarane er det viktig å få oppdatert status for aktuelle milepælar, for å kunne rapportere tilbake om måloppnåinga i forhold til ressursbruk. For regulantanes del, vil kunnskap om kva som vil vera god ressursbruk ved t.d. restaureringstiltak, vera eit viktig resultat. Det er i den samanheng viktig å hugse at den terrestriske forskinga ikkje er komen så langt om effektar av ulike påverkingar og aktuelle tiltak, som det ein t.d. har på laks og laksevassdrag.

3) Presentasjon av kva som er gjort av merking og observasjonar ved fagleg leiar, Olav Strand.

Ein skal ikkje fortsette å radiomerke rein utan å ha eit klart mål med det, men kunnskapen må også vera mogen nok til at forvaltninga kan vidareføre fokuset på kunnskapsbasert forvaltning og overvaking/registrering, utan slik GPS-overvaking, før ein seier seg nøgd. Jf kva ein har gjort på Austheia, der ein no har avslutta radiomerkinga. Tida vil vise kor vidt dette var rett tidspunkt. Det er føreslege å merke 7-8 dyr i SR i år, men dette avheng av greie beite- og snoforhold. Det er nokså klart at ved å auke dyretallet så aukar ein også områdebruken. Difor er det også viktig å samstundes ha med seg perspektivet om utviklinga av beita i det same området.

Olav orienterte om det nye forskingsprosjektet NINA har fått tildeling til gjennom EnergiX-programmet. Eit viktig tema her blir om lovverket og forvaltningsrammene er hensiktsmessige, eller kanskje ein tenker ein feil om måten å gjennomføre revisjonane i dag? At ein ser for lokalt på det, framfor å sjå eit heilskapleg bilete, og tiltak som eit spleiselag fordelt ut over dei ulike aktørane, slik at ressursutnyttinga ville vore mykje større.

Olav tok ein gjennomgang av kva ein skal gjere under dette arbeidsseminaret, med arbeidet i arbeidsgruppene og Jørn orienterte litt om metodikken.

Del 1: Arbeidsgruppene skal fylle ut eit skjema om «drivere» (påveringsfaktorar) i deira arbeidsområde.

Del 2: Arbeidsgruppene skal fylle ut skjema på korleis dei trur dei ulike påveringsfaktorane verkar på villreinen i deira arbeidsområde (her skal evaluering og forslag til tiltak vera kunnskapsbasert!). Sjå vedlagt skjema for meir informasjon.

Diskusjon: Det blei reist spørsmål ved kor vidt det er rett at arbeidsgruppene gjev anbefalingar, då fleire av dei kjenner at dei ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om kva deira innsamla data seier om effektane på villreinen? Olav og Jørn uttrykte forståing for innspelet og kvifor folk tykte dette var utfordrande, men held fast ved at dette er ein god måte å koma i gang med å gje anbefalingar til gitte problemstillingar i prosjektet.

4) Kvar arbeidsgruppe presenterer sitt arbeid så langt, i forhold til mål.

Arbeidsgruppe 1, ved sekretær Lars Arne Bay:

Arbeidsmål: Korleis auke trekkaktiviteten nord-sør og aust-vest?

- Dei store magasina og vegane inn er nøklane i dette arbeidet.

Gjennomført:

- Trafikktelling 1 år, på vegen inn til Store Urar. (over 5000 bilar inn/ut totalt, torsdagar og klokka 15.00 på døgnet som jamt over har dei største toppane).
- Registrert aktivitet på vegen mot Storvassdammen: 400 passeringar (gåande/syklende) frå siste veka i juni til siste veka i september. Nokre toppar: 22 pers 22. august og 27 personar 22. september (truleg verneområdestyret er med her).
- Registrert ferdsel mot Gilavatn: 2000 syklistar/gåande totalt. Ca 200 personar som har gått ut den 20. august. Ligg på det jamne mellom 10 og 15 passeringar per dag. Enkelte dagar rundt 50.
- Aktivitet av bilar på vegen mot Skreivasskleivane: Største topp 29. september; 27 bilar (truleg villreinjegerar i kombinasjon med start av rjupejakta).
- Besøktal rundt Blåsjø (hyttene): Mest: Nilsebu. Storsteinen: litt over 200 (gått ned; var over 600 i 1996). Trafikken aust for Blåsjø ligg på jamnt over 100.
- Statsskoghytter rundt Svartevassmagasinet (tilkomsten til vatnet er stengt pga arbeid på dammen): Sandvasshytta; Ligg rett sør for Gyvatn og har jamne besøktal ca 40-50 bruksdøgn pr år.

Kommentarar om at dette er viktig informasjon! Samt at det var overraskande høge tal på Store Urar! Viktig her å sile ut trafikken av arbeidsfolk frå IS Øvre Otra.

Arbeidsgruppe 2, ved leiar Bjørg Hellem (VAF):

Viser ei samanstilling frå 2013 og 2014.

Geografisk avgrensing: Rundt Brokke-Suleskard, nordover mot Svartenut, sørover mot Kvinen og Gaukhei.

Kartlagt:

- Kva treng ein av registreringar?
- Kva tiltak kan vera aktuelle ut frå dagens kunnskap?

Gjennomførte registreringar og datainnsamling:

1. Bruk av Brokke-Suleskard vegen (teljing).
2. Parkering langs Brokke-Suleskard vegen.
3. Tal overnattingar på DNT-sør og Statskog sine hytter.
4. Ferdsel på stier.
5. Oppkjørte skiløyper.
6. Motorisert ferdsel.
7. Sauedrift.

Resultat (i grove trekk):

- 1) Totalt 77000 bilar i 2014 og 83000 i 2013. Tal teljedøgn; 126 og 138 i hhv 2014 og 2013. Gjennomsnittleg trafikkmengde i perioden er 608 og 604 i hhv 2014 og 2013. Mindre enn 5 bilar passerer i gjennomsnitt per time mellom midnatt og klokka 07.00. Mest trafikk sundagar.
- 2) 8 registreringar i perioden 12. september til 31. oktober 2014. Totalt registrert 181 parkerte bilar mellom Vestre Austmannaskardet og Ivlungvatn. Dei mest konsentrerte parkeringsstadene var ved Roskreppfjorden og Øyuvsbu.
- 3) Hytter med mest overnattingsdøgn: Skjerevasshytta, Bossfjell (desse to har også nokre få overnattingsdøgn vinterstid), Urddalsbu. DNTs hytter: Svartenut (nord for vegen, dei andre sør for vegen). Øyuvsbu mest bruka.
- 4) Teljarane har hatt fylgjande plassering og tal passeringar: Ramsdalen: 900 (2013). Håhelleren: 1500 (2013) og 1300 (2014). Ivlungvatnet: 2300 (2013). Øyuvsbu austover: 1000 (2013)/2000 passeringar. Øyuvsbu: 2300 (2013). Sandvatnet: 500 passeringar (2014).
- 5) Kartlagt skiløyper i Sirdal, Kvinesdal, Åseral og Valle. Fleire løyper fordelt i fleire mindre område, samt nokre lengre løyper, som Sesilåmi.
- 6) Kartlagt motorferdselløyper nord og sør for Brokke-Suleskardvegen i perioden 2012-2015. Løypehavarar fordeler seg på grunneigarar, organisasjonar (som DNT for eksempel), Leigekøyring, NINA og ny hytte på Bossbu.
- 7) I alt 4 sauedrifter på totalt 21000 dyr. Varer i 3 mnd. 14 dagar på sanking. 30 km med sperregjerde.

Kommentarar:

- Veldig mykje nyttig kunnskap!

Arbeidsgruppe 3, ved sekretær Tor Punsvik (FMVA) og leiar Kristian Steine (leiar villreinlaget):

Mål: Å bruke bestandsplan som eit verktøy for å auke dyretalet og områdebruken i sørområdet.

Har oppnådd å få til ny bestandsplan med: 25% bukk, 3500 dyr totalt, differensiering mellom nord- og sørområdet i kvotefastsetting.

Resultat så langt:

- Over bestandsmålet i nord.
- Over 90 dyr felt i sør i 2014 (10%)
- 260 dyr (33%) felt i nord.
- Utfordringar framover: Felle nok dyr i nord, auke bestanden i sør, samjaktavtaler, fredingssoner (forsøkt på sørsida av Brokke-Suleskard, men her er det ikkje medlemmer i villreinlaget), mykje dyr i naboombåda (Hardangervidda og Setesdal Austhei) –kva skjer med utveksling?

Meir utfyllande oppsummering frå datainnsamlinga blir å finne i årsmeldinga for prosjektet i 2014, som vil bli sendt ut innan relativt kort tid.

5) Arbeidsgruppene jobbar kvar for seg med aktuelle tema innan sine arbeidsområde:

Prosess i kvar av gruppene, der ein definerer drivarar/påverkingar i sitt område, som skal brukast vidare til å vurdere verknadene og anbefale tiltak basert på dagens kunnskap (Sjå skjemaet i vedlegg 1 og Arbeidsgruppene samansetting i vedlegg 2). Deretter kort oppsummering der alle arbeidsgruppene presenterer sine drivarar med grunngjevingar, og tar imot innspel frå resten av møtelyden.

Kåseri ved Olav Strand om adaptiv forvaltning og spennande prosjekt framover.

Mykje av naturkunnskapen har sitt utspring i korrelasjonsstudiar. Eit sagn i økologien er bruken av eksperiment, som kan gje langt meir effektiv kunnskapsbygging.

Adaptiv forvaltning inneber at det må vera mogleg å ombestemme seg. At ein kan tilpassa seg endra vilkår. I slik samanheng er det viktig å ha kontinuerlege registreringar der ein overvakar endring i miljøet og effektar av tiltak.

Økologisk forskning handlar om å redusere økologisk usikkerhet. Den kunnskapen ein finn skal plasserast på ein samfunnsakse, der ein også treng så låg usikkerhet som råd for å bruke den økologiske kunnskapen ein har fått til å løyse problem.

Formidlinga av den kunnskapen ein får er eit særleg viktig ledd for å redusere den samfunnsmessige usikkerheten. Motstanden mot det «beståande» er ein viktig faktor som er med å styre mot endringar, kanskje vel så viktig som den rasjonelle forståinga ein har for ny kunnskap (reduert økologisk usikkerhet).

Responser til rein på løyper med menneskeleg ferdsel er ulik i ulike landskap:

- I eit landskap utan nokon særleg andre forstyringar får ein reaksjon som forventa, der ein ser ein auka barriere effekt av ei løype etter kor mange som ferdast der.
- I eit landskap med mange andre element i tillegg, er det vanskeleg å sei noko om kva som gjev kva effekt.

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48

Komande prosjekt: EnergiX:

Dette prosjektet er delt i 5 arbeidspakker med ulike hovudfokus:

- Effekter og modellering
- Prediksjonsmodeller; -kva skjer dersom..
- Potensial for avbøtande tiltak.
- Reguleringar og lovverk (mellom anna revisjonsinstituttet og drøftingane rundt å vurdere konsesjonar enkeltvis kontra samla vurdering).
- Samanstilling i form av verktøy for planlegging og vegleiar i revisjonsprosessane.

Dette blir eit stort prosjekt over 4 år, med fleire prosjektpartnerar, mellom anna: SiraKvina, Miljødirektoratet, NVE og Setesdalsprosjektet. Sistnemnte har mellom anna ei viktig rolle som utprøvingsarena for framtidig organisering av kunnskapsinnhenting for å sikre eigarskap til resultat og legitimitet til kunnskapen.

Utførande i prosjektet vil vera: NINA, SINTEF ENERGI, NVS, Siri Bøthun, samt ein del internasjonale samarbeidspartnerar i Canada, USA, Belgia, Finland.

Onsdag 4. februar

Sak 5) fortset;

Gruppearbeida heldt fram med hypoteser for verknader og forslag til tiltak til kvar av drivarane. Jørn og Olav vil etter møtet gå gjennom det arbeidet gruppene har gjort og legge fram ei oppsummering for styringsgruppa, slik at denne kan ta stilling til aktuelle drivarar, tiltak og vidare datainnsamling.

Alle gruppene bruka 10 min kvar i plenum, der dei presenterer hovudtrekka i kva dei er samde om at dei ynskjer av tiltak og fortsatt overvaking.

Gruppe 1: Halde fram med ferdsleregistering på vegen inn til Store Urar, men flytte teljar for å unngå å få med den delen av trafikken som går inn til Agder Energi sitt kraftverk. Dei ynskjer også beitekartlegging i dei områda, der ein gjennom GPS-data, har sett opphoping av rein i periodar. Vidare diskuterte dei ei slags løysing for å gje økonomisk kompensasjon til grunneigarane i område for fellingsløyve som ikkje brukas.

Gruppe 2: Den samla belastninga frå mange og store påverkingsfaktorar er vesentleg i dette sørområdet. Justering av stengingsregime på Brokke-Suleskardvegen er noko som kan diskuteras, men det må sjåast opp imot kor viktig dette *faktisk* er for reinen (er reinen her i den perioden det i så fall kan diskuteras å stenge i det heile?). Båttrafikk; betre kontroll med bommingsregimet inn til Rosskrepp kan vera eit aktuelt tiltak. Flytting av hytta på Øyulvsbu er eit aktuelt tiltak som blir vurdert i samarbeid mellom turistforeninga og verneområdestyret. Ferdsel; gå vidare med ferdsleregistrering på stien inn til Svartenut og Everdalen. Motorisert ferdsel vinterstid; betre overvaking/registrering av ulovleg køyring, og kartlegging av den lovlege køyringa; kor mange løyver som faktisk brukast i dei ulike områda; kvar og når? Sauebeiting; betre kartfesting av kvar desse sauedriftene geografisk faktisk er å finne, tilsvarande for sperregjerder. Gjerne samanhalde slike data med GPS-data frå rein. Dette må skje i samarbeid med sauenæringa.

Arbeidsgruppe 3: Vinterbeita i nord har stort fokus; Vinje, Vågslid og Hovdenområdet. Hyttebygginga i randområda er ei stadig utfordring, også etter innføringa av Heiplanen. Ferdslar på anleggsveggar og magasin som tek folk raskt inn i hjertet i området. Skulle gjerne hatt ei samanstilling av eksisterande, vedteken og planlagt utbygging i/rundt villreinområdet. Slik kunnskap er viktig at er tilgjengeleg i oppdatert form til ei kvar tid. Bestandsauke: Auka dyretettleik og meir vaksen bukk trur gruppa at vil bidra til ein aua bruk av randområda. Det er også lagt vekt på at verdien av oppleving av dyr, og dyras nærvær er viktig for å forsvare områda mot stadig utbyggingspress. Differensiert bestandsforvaltning; bygge opp stamma i sør og redusere stamma i nord. Beite; betydelege data frå SatNat som kan fylgjast opp vidare. Vil også fylgje opp kondisjons data frå felte dyr. Auka informasjonsflyt til brukarar om kvar dyra er og ferdast, samt eit dokumentasjonssystem på kvar dyra fellast. Skaffe større oppslutning om felles forvaltning og friviljug dugnad i arbeidet, med samjaktavtaler, fredningssoner osv. Samjakt; ynskjer å styre jakttrykket frå sør mot nord, samt å utlikne slik at dei som er med og held viktige beiteområder elles i året også får tilgang til jakt. Her ville ein overordna kunnskap om effektane av slike ordningar vore nyttig. Kanskje Villreinrådet kunne arrangert ein fagdag med fokus på jaktorganisering?

Fagleg oppsummering ved Olav Strand

Olav illustrerte på figuren; «Økologisk/samfunnsmessig usikkerhet» kvar me er for nokre av dei ulike drivarane/påverkingfaktorane.

T.d. vegen Brokke-Suleskard: Er effekten av denne viktig nok til at ein skal gjera noko med dette per i dag? Eller skal ein bare halde fram med overvakinga og avvente endringar i trafikkmonster og dyras arealbruk?

Prosjektet er godt i gang med ein del tiltak; oppbygging av stamma i sør og merkinga går sin gang etter kva forholda tillèt. Målsetninga difor om å kunne sei meir om utviklinga i reinens arealbruk sidan GPS-merkinga starta i 2007, og fram til ei 5-dobling av bestanden i 2017 (ved dette prosjektets slutt), vil nok vera godt innom rekkevidde. Det er også gode sjansar for at det vil skje noko i utvekslinga mellom villreinområda i Langfjella, sidan fleire av desse områda har og har hatt ein aukande bestand.

Truleg vil me etter dette prosjektet ha lært noko om kva er eigentleg avbøtande tiltak og kva er realistisk å få til? Mange ting er kome på bordet, og vil bli samla i eit arbeidsdokument som vil bli tatt vidare i styringsgruppa for vidare vegval i prosjektet.

Skinnarbu 09.02.15, Lena Romtveit



Adresseliste (bare sendt elektronisk):

Medlemmar og varamedlemmar i styringsgruppa:

Statkraft v/ Kåre Paulsen
Sira Kvina Kraftverk v/ Per Øyvind Grimsby
Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum
Bygland kommune v/postmottak
Kommunane i sør v/ Oddmund Ljosland (Åseral kommune)
Sirdal kommune v/postmottak
Vinje kommune v/Lasse Mathisen
Gjesdal kommune v/postmottak
Suldal kommune v/postmottak
Valle kommune v/Jon Ødeskaug
Vest-Agder Fylkeskommune v/Björg Hellem
Aust-Agder Fylkeskommune v/Hans Fløystad
Fylkesmannen i Vest-Agder v/Tor Punsvik
Fylkesmannen i Aust-Agder v/Per Ketil Omholt
Statens Vegvesen v/ Arne Heggland
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Margit Smeland (leiar)
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Ola Sukka (nestleiar)
Stavanger Turistforening v/ Kjell Helle Olsen
DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Kristian Steine (leiar)
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Knut Nomeland
Setesdal Ryfylke villreinlag v/ sekretær Svein Olav Stegarud
Statskog v/Kristian Eiken Olsen
Verneområdeforvalterne i SVR v/Tarjei Haugen
Verneområdeforvalterne i SVR v/Alf Odden
SNO v/ Peter Hermansen
SNO v/ Reidar Sandal
NINA v/Olav Strand
DN v/Vemund Jaren
Norsk Villreinsenter Sør v/Marianne Singsaas

Andre bidragsytarar:

Lyse produksjon v/Arild Stene
Otteråens Brugeierforening c/o Otra Kraft v/Gjermund Espetveit
Hydro v/Uddmund Nybø
Agder Energi v/Svein Haugland
Statnett v/Pernille Ibsen Lervåg
Kvinesdal kommune v/Edgar Vegge
Åseral kommune v/Øyvin Moltumyr
Hægebostad kommune v/postmottak
Telemark Fylkeskommune v/Ole Bjørn Bårnes

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerlann | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48



Fylkesmannen i Telemark, miljøvernavdelinga v/Morten Johannesen

Kopierte:

Verneområdeforvalterne i SVR og leiar Tarald Myrum

SNO v/Jon Erling Skåtan

Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/ sekretær Jørn Haug

Setesdal Austhei villreinlag v/ sekretær Torleif Homme

Våmur Roan villreinlag v/ leiar Jørund Valebjørg

Valle kommune v/postmottak

Kommunane Odda og Forsand

Fylkeskommunane i Rogaland og Hordaland

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48